

STRILABIBLIOTEKET

Informasjon og avtale om bruk av meiroopne bibliotek i Lindås og Meland.

Velkomen til meirope bibliotek!

No kan du bruke biblioteket når det passar deg. Meirope bibliotek er tilgang til biblioteket når personalet ikkje er til stades for å hjelpe deg.

For å få tilgang til meirope bibliotek, så må du skrive under ein kontrakt med Strilabiblioteket. Du får tilgang til Strilabiblioteket sine bibliotek i Meland kommune, Frekhaug og Lindås kommune, Knarvik.

Du kjem deg inn på biblioteket ved å bruke lånekortet og pin-koden din som nøkkel. Du set inn lånekortet i boksen ved døra og deretter tastar du inn pin-koden din. Døra vil opne seg og du kan gå inn. Du må passe på at ikkje andre enn dei du har med deg kjem inn. Du er ansvarleg for dei som du tek med deg inn på biblioteket. Døra vert automatisk låst når du er gått inn. Når du skal forlate biblioteket, så bruk dørknappen for å opne døra. Du treng ikkje lånekort for å gå ut.

Orienter deg kvar nødutgangane på biblioteka er. Dei to vedlagte teikningane viser det. Viss brannalarmen går, så må du forlate biblioteket med ein gong. Det er berre lydssignal på brannalarmen.

Under meirope bibliotek er biblioteklokala videoovervaka. Dette av omsyn til tryggleiken din og for å førebygge hærverk på biblioteket. Hærverk vil verte meldt til politiet.

Det vil kome ei melding på høgtalaranlegget litt før det meirope biblioteket stengjer. Ljoset vert sløkt automatisk når det meirope biblioteket stengjer.

Du låner og leverer inn materiale ved å bruke utlånsautomatane. Fylg rettleiinga på skjermen. Purregebyr må betalast når personalet er til stades.

Du kan hente materiale som du har bestilt. Dette materialet er ordna etter hentenummer og står på ei eiga hylle og må lånast ut på automaten før du tek det med deg. Hentenummeret står i meldinga som du har fått av biblioteket.

Viss ikkje alt materialet er lånt ut, så vil alarmen pipe når du går ut. Gå attende til utlånsautomatane og lån ut materialet. Viss du ikkje får lånt det, så kom attende når personalet er til stades.

Av og til vil det vere arrangement når biblioteket er meirope. Arrangementa vert annonserte på nettsidene til biblioteket.

Viss du har problem med automaten eller andre ting, så ta kontakt med personalet når dei er til stades.

Kontrakt for meirope bibliotek

Velkomen som brukar av Strilabiblioteket sitt meirope bibliotek!

Denne kontrakten gjev deg over 18 år tilgang til Strilabiblioteket frå kl. 7.00 til kl. 22.00 på kvardagar og kl. 7.00-20.00 på laurdagar og sundagar. Kontrakten gjeld både biblioteket på Frekhaug (Meland kommune) og i Knarvik (Lindås kommune).

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle. Du vert oppfordra til å halde ro og orden på det meirope biblioteket.

For å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkelkort for meirope bibliotek må du:

- **Ta ansvar for dei du eventuelt tek med deg inn på biblioteket som t.d. barna dine**
- **Ta vare på biblioteket ditt**
- **Ikkje vere til bry for andre**
- **Rette deg etter dei lånereglane som gjeld til ei kvar tid**
- **Hugse og lukke vindauge etter deg**

Du er ansvarleg for nøkkelkortet (lånekortet) ditt og korleis det vert brukt. Kontrakten er personleg og brot på den kan føre til at retten din til tilgang til meirope bibliotek vert drege inn.

Biblioteklokala er videoovervaka. Overvakinga er for at du skal føle deg trygg og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Hærverk vil verte meldt til politiet. Opphald på det meirope biblioteket skjer på eige ansvar.

Du har sjølv ansvar for å setje deg inn i kvar nødutgangane er i tilfelle evakuering av lokala. Brannalarmen vert gjeve som lydsignal.

Eg har lese kontrakten og informasjonen om tilbodet og godtek med dette:


Dato: _____

Fødselsdato: _____


Namn med blokkbokstavar:

Signatur: _____

Planteikning over Strilabiblioteket, Knarvik



Planteikning over Strilabiblioteket, Frekhaug



Lindås bibliotek

Vekedag	Meiroke	Personale til stades	Meiroke
Måndag	07:00-11:00	11:00-15:00	15:00-22:00
Tysdag	07:00-11:00	11:00-19:00	19:00-22:00
Onsdag	07:00-11:00	11:00-19:00	19:00-22:00
Torsdag	07:00-14:00	14:00-19:00	19:00-22:00
Fredag	07:00-22:00		
Laurdag	07:00-11:00	11:00-15:00	15:00-20:00
Sundag	07:00-20:00		

Meland bibliotek

Vekedag	Meiroke	Personale til stades	Meiroke
Måndag	07:00-14:00	14:00-19:00	19:00-22:00
Tysdag	07:00-10:00	10:00-16:00	16:00-22:00
Onsdag	07:00-22:00		
Torsdag	07:00-14:00	14:00-19:00	19:00-22:00
Fredag	07:00-10:00	10:00-14:00	14:00-22:00
Laurdag	07:00-11:00	11:00-15:00	15:00-20:00
Sundag	07:00-20:00		